

Planstrategi



2024 - 2030

23.09.2024

Kommunedirektøren

Innholdsliste:

1. Bømlo kommune planstrategi 2024 – 2030.....	4
1.1. <i>Om planstrategi</i>	4
1.2. <i>Vedtak i kommunestyret.....</i>	4
1.3. <i>Definisjonar og omgrepssiste</i>	5
1.3.1. Plantype og planhierarki	5
1.3.2. Liste over nokre sentrale omgrep	5
2. Hovudmål og forankring.....	8
2.1. <i>Nasjonal forankring</i>	8
2.2. <i>Prinsipp for planlegging i Bømlo kommune.....</i>	9
2.3. <i>Om denne planstrategien</i>	9
2.3.1. Samfunnsdel og planstrategi - forenkling	9
2.3.2. Plankretslosp - på rett veg	10
2.3.3. Syne dei viktigaste politiske planane	10
2.3.4. Forankring i lokale behov - «Bømlo i dag»	11
2.3.5. Nytt i planstrategi 2024 - 2030	11
2.4. <i>Faglege utfordringar og organisering.....</i>	11
2.4.1. Kapasitet krev prioritering	12
2.4.2. Vidare organisering av planarbeidet.....	12
3. Omtale av nokre aktuelle planar	14
3.1. <i>Viktige plantema.....</i>	14
3.1.1. Digitalisering	14
3.1.2. Universell utforming (UU).....	14
3.1.3. Miljøretta helsevern (MHV)	14
3.1.4. Beredskap	14
3.1.5. «Bu trygt heime»	15
3.2. <i>Overordna planar.....</i>	15
3.2.1. «Bømlo i dag» - sentralt kunnskapsgrunnlag	15
3.2.2. Kommuneplanen – samfunnsdel (KPS) og arealdel (KPA).....	15
3.2.2.1. <i>Samfunnssdelen (KPS).....</i>	15
3.2.2.2. <i>Arealdelen (KPA)</i>	16
3.2.2.3. <i>Planvask i KPA – prioritert oppgåve</i>	16
3.2.3. Eigarskapsmelding	16
3.3. <i>Klima og natur.....</i>	17
3.3.1. Klima - handlingsdel.....	17
3.3.2. Landbruk.....	17
3.3.3. Tema: langsiktig arealbruk og forvalting av bygg	17
3.4. <i>Lokalsamfunn og demokrati</i>	18
3.4.1. Kommunesenteret Svartland.....	18
3.4.2. Strategi for bustadutvikling.....	19
3.4.3. Estetikk og arkitektur	19

3.4.4. Næringspolitikk	20
3.4.5. KDP Kultur, idrett og frivillighet	20
3.4.6. Kulturmiljøplan	20
3.4.7. Frivillighet	20
3.4.8. Temaplan for kompetanse og rekruttering.....	21
3.4.9. Temaplan for lønnspolitikk og temaplan for arbeidsgjevarpolittikk	21
3.4.10. Veg.....	21
3.4.11. Bømlo vann- og avlaup (BVA).....	21
3.5. Rusta for livet	22
3.5.1. Kommunedelplan helse, sosial og omsorg (KDP HSO)	22
3.5.2. Bustadsosial plan	22
3.5.3. Kommunedelplan oppvekst	22
3.5.4. Skulebruksplan.....	23
3.5.5. Alkoholpolitikk	23
3.5.6. Handlingsplan mot rus i skulen	23
3.5.7. Temaplan - vald i nære relasjoner	23
3.5.8. Temaplan for trafikktryggleik.....	23
3.6. Interkommunale plantema	24
3.7. Planar som ikke bli vidareført fra førre planstrategi	24
3.8. Kunnskapsgrunnlag.....	24
4. Organisasjon og tabelloversyn	26
4.1. Organisering av Bømlo kommune	26
4.2. Forkortinger	26
4.3. Overordna planar, omtala i kap. 3.2.....	26
4.4. Klima og natur, omtala i kap. 3.3.....	27
4.5. Lokalsamfunn og demokrati, omtala i kap. 3.4.....	27
4.6. Rusta for livet, omtala i kap. 3.5.....	28
5. Utvalde kjelder og referansar	29

1. Bømlo kommune planstrategi 2024 – 2030

Dette er Bømlo kommune sin planstrategi som skal syne dei viktigaste prioriteringane av planar for kommunestyreperioden.

1.1. Om planstrategi

Planstrategi er ikkje ein plan i seg sjølv, men eit sentralt styringsdokument som kommuneplan og økonomi/budsjett. Planstrategien inneheld og nokre konkrete handlingspunkt som gjeld det praktiske og faglege planarbeid i kommunen.

Ein planstrategi er forankra i plan- og bygningslova (§ 10-1). Der står det at ein planstrategi bør omfatte ei drøfting av kommunen sitt strategiske val knytt til samfunnsutvikling med ei rekke undertema.

Desse drøftingane gjer Bømlo kommune i samfunnssdelen og kunnskapsgrunnlaget denne baserer seg på, mellom anna folkehelseoversynet «Bømlo i dag». Planstrategien er utarbeidd parallelt med desse, og alle dei overordna planane utfyller kvarandre og må alltid sjåast i samanheng.

1.2. Vedtak i kommunestyret

Endeleg vedtak i kommunestyret 23.09.2024, sak PS 52/2024

Kommunestyret gjorde slikt vedtak:

- 1) Kommunestyret godkjenner framlegg til planstrategi for Bømlo kommune 2024 – 2028, som ligg ved saka med endringar i pnkt. 1, pnkt. 2.2 og pnkt. 3.2 2.
- 2) Planstrategien blir justert i februar 2026
- 3) Kommunedirektøren får fullmakt til å gjøre redaksjonelle endringar for å harmonisere planstrategien med kommuneplanen sin samfunnssdel når denne blir stilt ferdig

Med desse endringane:

Punkt 1. Områdeplan for Bremnes sentrum flyttast opp i prioritettingsrekkefølgja og vært starta så snart det er ressursar tilgjengelig. Kommunestyret ber om at dette blir lagt inn som eit eige verballpunkt i budsjettet for 2025 for å sjå om dette arbeidet kan startast allereie då.

Punkt 2.2. prinsipp for planlegging i Bømlo kommune Endring til: «Bærekraftsmåla skal være veilegende i alle planar». Dette sikrar lokalt handlingsrom.

Under 3.2 Andre viktige plantema: "Universell utforming (UU) - Universell utforming handler om å utforme omgjevnadane slik at me tek omsyn til innbyggjarane sine ulike funksjonsevner. Dette gjeld mellom anna design av offentlege bygg som skular og institusjonar, utforming og drift av gaterom og nærmiljø og generell rådgjeving. UU skal vere innarbeidd i alle slike planverk framover".

Kommunedirektøren får fullmakt til å redigere tema inn i endeleg planstrategi i kapitla der dette bør bli omtala.

Etter vedtak i kommunestremøte har det blitt gjort redaksjonelle endringar: implementert endringane i vedtaket, formatert tekst og justert nummereringa på kapittelinndelingane, korrigert utforming etter kommunen sin grafiske profil.

1.3. Definisjonar og omgrepssiste

Oversyn over kva planar som er å rekne som tyngst, mest overordna og strategiske, samt ei ordliste over ofte nytta omgrep.

1.3.1. Plantype og planhierarki

Planar må vere av rett plantype. Større planar inneber større grad av medverknad og involvering av fleire sektorar, mynde etc. Slike planar vil følgje plan- og bygningslova sine krav til prosess (planprogram, høyring, medverknad, involvering av øvrige mynde). Dette er for å gje slike planar høg grad av legitimitet og at desse skal stå seg over tid og vere føreseielege.

Nokre gonger kan det vere hensiktsmessig og meir effektivt med ein «lettare» plantype som temaplanar eller strategiar. Desse treng ikkje nødvendigvis følgje same krav i plan- og bygningslova til høyring og medverknad.

I tillegg kjem kunnskapsgrunnlag, som ikkje er planar men er dokument som inneheld fakta, kartleggingar eller er faglege innspele til dømes moglegheitsstudie.

Rangering	Plantype og medverknad	Omfang	Handlingsdel og kommentar
Høgast rang	Overordna/strategiske planar: - Kommuneplan, samfunnsdel - Kommuneplan, arealdel	- Tung prosess og høg grad av medverknad	- Samfunnsdelen som langsigkt økonomiplan - Handlingsdel og tiltak er dei årlege budsjetta - Skal ha planprogram
Tung plantype	- Kommunedelplanar (KDP) - Større reguleringsplanar	- Tung til moderat prosess - Tung til moderat grad av medverknad	- Eigne handlingsdelar med ulike tidsintervall for revidering - Skal ha planprogram
Lettare plantype	- Temaplan, strategiar - Detaljreguleringar	- Moderat til lett prosess - Målretta aktiv medverknad	- Temaplanar bør ha handlingsdel eller punkter å følgje opp - Strategiar treng ikkje det

1.3.2. Liste over nokre sentrale omgrep

Omgrep	Kommentar
Arealplan	Plan med areal-ID, typisk ein reguleringsplan. Merk forskjellen mellom ein areal-plan og kommuneplanen sin areal-del.
Budsjett (årsbudsjett)	Dei årlege kommunebudsjetta som kvar kommune skal vedta.

Omgrep	Kommentar
Detaljregulering	Ein detaljert plan for eit mindre område/enkelttiltak (pbl § 12 – 3). Alle kan fremje framlegg til detaljregulering.
Handlingsdel	Dei konkrete tiltaka og handlingspunkt som er forankra i ein plan. Handlingsdelar bør bli revidert ofte (kvart år eller annakvart år)
Høyring og offentleg ettersyn	Endelege framlegg til planar har ofte lovbestemt krav om å bli sendt ut på høyring til ålmenta og offentlege mynde. Som regel i seks veker, men i praksis ofte lenger. For planar med planprogram er det her ein skal konkretisere aktiv medverknad og ange fristar for høyring.
Justering	Mindre endringar.
Kommunedelplan (KDP)	Kommunedelplan (KDP) er ei vidare utdjuping av samfunnsdelen for bestemte tema / samfunnsområde eller ein del av kommunens areal. Bømlo har til dømes KDP for oppvekst, helse- sosial og omsorg (HSO) og vatn- og avløp, men ingen areal-KDP per i dag.
Kommuneplanen	Den viktigaste planen i kommunen, består av to delar: samfunnsdelen (KPS) og arealdelen (KPA)
Medverknad Aktiv medverknad	Alle som utarbeidar og fremjar framlegg til planar, offentlege som private, skal legge til rette for aktiv medverknad. Dette må skje som ein del av utarbeidinga og før høyring. For private planar har kommunen ansvar for å sjå til at aktiv medverknad er gjennomført.
Områderegulering	Ein meir detaljert områdevis avklaring for eit geografisk delområde (pbl § 12-2). Normalt kommunen sitt ansvar å utarbeide områderegulering. Lite brukt i Bømlo.
PBL og pbl	Ofte nytta forkorting for plan- og bygningslova
Plankrav	PBL eller kommuneplanen sin arealdel (KPA) kan krevje at det blir laga reguleringsplan før ein kan sette i gang med eit bestemte typar tiltak. Hensikten med plankrav er å sikre ei brei og heilsakapleg vurdering av arealbruken kor ulike partar får anledning til å fremje sine synspunkt.
Planprogram	Alle planar som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn skal ha planprogram. Der skal det mellom anna stå kven som må bli involverte, framdrift, opplegg for medverknad og alternativ som skal bli utgreidd. Alle planprogram må ut på høyring.
Planvask	Oppdatere, endre eller avvikle eldre reguleringsplanar. Blir gjort som del av revideringa av arealdelen. Sjå meir på Distrikssenteret sine sider for komunal planlegging: https://enkelplanlegging.distrikssenteret.no/faq/hva-er-planvask
Reguleringsplan	Eit arealplankart for eit juridisk avgrensa område. Inneheld planskildring og føresegn som bestemmer bruk, vern og utforming av areal og omgjevnadar (sjå pbl § 12-1).

Omgrep	Kommentar
Revidering	Gjennomgang av ein plan, oppdatering, endre, moderat prosess.
Samfunnsplan	Plan for eit samfunnstema som til dømes ein næringsplan, ein kulturplan, ein oppvekstplan osb. Merk forskjell mellom ein samfunns-plan og kommuneplanen sin samfunns-del (KPS).
Strategi	Ein strategi synar langsiktige grep ein bør gjere med utvalde tema eller geografisk område. Må ikkje ha handlingsdel, tiltak kan bli konkretisert i andre planar.
Temaplan	Temaplan kan omhandle einskilde tema eller geografiske områder. Bør inkludere handlingsdel/handlingspunkt.
Tiltakshavar	Den einskilde personen, institusjonen eller føretak som etter PBL skal utføre eller gjennomføre eit byggje- eller anleggstiltak. Tiltakshavar er den som er ansvarleg overfor kommunen.
Økonomiplan	Alle kommunar skal kvart år vedta ein økonomiplan for dei neste fire åra. Økonomiplanen skal ha ein driftsdel og ein investeringsdel.
Økonomiplan, langsiktig	Ein økonomiplan i eit fleirårleg perspektiv, til dømes 8 - 10 år. Kan vere som ein del av kommuneplanen sin samfunnsdel.

2. Hovudmål og forankring

2.1. Nasjonal forankring



FN sitt berekraftsmål 16

Noreg har slutta seg til 2030-agendaen med 17 mål for å fremje ei sosialt, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling. Delmål 16.6 seier «Utvikle effektive, ansvarlege og opne institusjonar på alle nivå». Å styre etter plan er ein viktig del av demokratiet.

Planar skal sikre alle innbyggjarane oversyn over kva som skjer, føreseieleg kvar dag og syne felles strategiar for samfunnet.

Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging 2023 - 2027

Regjeringa skal kvart fjerde år leggje fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (NF) for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Bømlo kommune vil følgje opp NF i sitt arbeid med planstrategiar og planar. Nokre av punkta nemnt i NF som denne planstrategien følgjer opp er:

Nasjonale forventningar 2023 - 2027	Handling	Slik gjer me det:
Avsnitt 2.1 Opp-daterete planar	1.1	Planar skal vere behovsbaserte og vere forankra i ein overordna plan, eit kunnskapsgrunnlag eller lovkrav
	1.2	Revidering av planar må bli vurdert i planstrategi og basert på behov, ikkje berre «på rutine»
	1.3	Planar bør ikkje vere utdaterte (generelt, eldre enn 6 år). Ansvar: kommunalsjefar
Avsnitt 2.2 Effektive og involverande planprosessar og punkt 6 (oppdaterte overordna planar)	1.4	I Planstrategien og ved planstart må det bli gjort ei vurdering av plantype for å unngå og fleire plannivå eller arbeid enn nødvendig Samfunnsdel (KPS) og planstrategi skal bli sett i gong tidleg i kvar kommunestyreperiode, same for arealdel.
	1.5	Revidering av kommuneplanen sin arealdel (KPA) må bli prioritert på tema
	1.6	Kommunedirektør og strategisk leiargruppe må leie planarbeidet
	1.7	Planar må bli organisert som prosjekter med tydelege start-slutt-fasar.
	1.8	Prosjektplan/planprogram må syne involvering/medverknad utover høyring. Gjeld og private planar.
	1.9	Ha brei fagleg forankring av planar.
Avsnitt 2.3 Kunnskapsbasert planlegging, kompetanse og kvalitet, og punkt 4 (langsiktig arealstrategi), punkt (17)	1.10	Må vere basert på eigne og andre relevante kunnskapsgrunnlag
	1.11	Syne kompetansebehov i samfunnsdel og rekrutteringsplanar. Gje tilsette tilbod om etterutdanning og kurs
	1.12	Planar må vere lesarvenlege
	1.13	Langsiktig arealstrategi er del av samfunnsdelen, følgjes opp i arealdelen

2.2. Prinsipp for planlegging i Bømlo kommune

Berekraftsmål skal være retteliande i alle planar.

Bømlo legg til grunn tre prinsipp som skal styre planlegginga:

- All planlegging skal vere berekraftig med omsyn på miljø/klima, sosialt liv og økonomi
- All planlegging skal vere helsefremjande
- All planlegging skal legge «føre var»-prinsippet til grunn, spesielt der me manglar kunnskap eller er usikre

Meir om berekraftsmål og prinsipp for planlegging i kommuneplanen sin samfunnsdel.

2.3. Om denne planstrategien

Planstrategien skal vere eit av dei overordna plandokumenta i kommunen.

- Planstrategien er viktig for arbeidsgjevar – arbeidstakar: han skal vere føreseileg og syne kva dei tilsette/seksjon skal jobbe med av plan/prosjekt dei neste åra
- Planstrategien er viktig for økonomiplan/budsjett: alle planar kostar pengar, i form av til dømes lønnsutgifter, prosjektmidlar, ekstern innleige eller krev tilskot for å bli realisert
- Planstrategien må difor bli tilnærma som eit budsjett: skal noko inn, må noko anna ut eller bli utsett

2.3.1. Samfunnsdel og planstrategi - forenkling

I utgangspunktet, etter plan- og bygningslova (§10), skal planstrategien vere eit fyldig dokument, med mange samfunnsutviklingstema basert på omfattande medverknadsarbeid.


I førre kommunestyreperiode deltok Bømlo i Vestland fylke sitt samarbeidsprosjekt om samfunnsdelen som styringsverktøy. I sluttrapporten «Ny agenda for kommuneplanens samfunnsdel» blir dette kravet til innhold i planstrategi drøfta. Her blir det anbefala å forenkle planstrategien.

Bømlo kommune si tilnærming er at dei store samfunnstrategiske tema blir omhandla i samfunnsdelen. Det gjev liten mening og krev mykje ressursar å skulle gjenta alt i planstrategi, eller motsett. I denne planstrategien har me prøvd å forsterke samanhengen med samfunnsdelen mellom anna å same forankring og tematiske inndeling.

I skrivande stund er høyringsutkast til ny samfunnsdel i ferd med å bli stilt ferdig og. Planstrategien kan bli justert seinare i perioden etter endeleg vedtak av samfunnsdel.

2.3.2. Plankretsløp – på rett veg

Ideelt sett skal kommunen ha eit plankretsløp som ser slik ut:



Figur 1: Frå «KS/AsplanViak «Ny agenda for kommuneplanens samfunnsdel»»

I gjeldande planstrategi som blei sist revidert i 2021, står det at det nye kommunestyre bør vedta planprogram for revidering av samfunnssdelen og godkjenne ny planstrategi i det første året i perioden. Dei siste åra har me kome nærmare ei meir logisk rekjkjefølgje for å handsaming av planane våre. Dette kvalitetsarbeidet må halde fram.

Planstrategi for denne kommunestyreperioden blir etter planen vedteke september 2024, altså innan fristen. Det vil vere behov for å justere midt i perioden, etter budsjettvedtak for 2026, i februar 2026. Neste revidering vil kunne starte med nytt kommunestyre hausten 2027.

2.3.3. Syne dei viktigaste politiske planane

Planstrategien er basert på prinsippet om at ein skal syne dei viktigaste, politiske planane.

Kommunen har i tillegg mange administrative og tekniske planar som fagplanar, verksemdsplanar, interne tiltaksplanar og planar for drift, HMS og så bortetter. Planstrategien omhandlar ikkje desse men fleire av desse kjem til politisk orientering.

Mange planar har handlingsdelar. I planstrategien er nokre teke med, dei som til dømes er nye eller har særskilt interesse, men tek normalt sett ikkje med alle handlingsdelar og handlingsplanar her.

2.3.4. Forankring i lokale behov - «Bømlo i dag»

Planar må vere behovsbaserte (handling 1.1). Ved denne revideringa legg me mellom anna utfordringsbilete i kunnskapsgrunnlaget «Bømlo i dag» til grunn. Dette kunnskapsgrunnlaget blei oppdatert og stilt ferdig våren 2023, før val av nytt kommunestyre.

Neste revidering av kunnskapsgrunnlaget «Bømlo i dag» bør vere ferdig våren 2027.

2.3.5. Nytt i planstrategi 2024 - 2030

Tema i planstrategi og samfunnssdel må henge saman. Difor er planane sorterte på tema, og ikkje sektorar. Den tematiske inndelinga her i planstrategien og i samfunnssdelen samsvarar sjølv og kapittelinndelinga er forsøkt å vere gjenjennelege.

Det blir og laga eit supplerande rekneark som vedlegg slik at ein kan sortere etter ønske.

I denne planstrategien har ein heldt fram med å «slanke» planverket og ikkje ha fleire planar eller plan-nivå enn nødvendig.

I tidlegare planstrategiar har ein nytta omgrep om kvarandre som til dømes – politikk, - plattform og – strategi. I denne revideringa har ein heldt fram med å få eit felles sett av omgrep på tvers av sektorane.

2.4. Faglege utfordringar og organisering

Plankapasiteten i organisasjonen er liten. Planstrategien blir difor viktig for å syne kor kommunen bør prioritere plankapasiteten dei neste åra. Tidsbruk og eventuelle kostnadar utover ordinær drift, som til dømes nødvendig innleidg konsulenthjelp, er nytt i denne planstrategien.

Berekraftsmåla har blitt mykje omtala i Bømlo kommune sitt planverk sidan 2019 då gjeldande samfunnssdel blei vedteke. Det er fortsatt eit kompetansebehov i organisasjonen med omsyn på planarbeid og bruk av berekraftsmåla.

Me må styrke koplinga mellom samfunnssdel, arealdel og økonomiplan. Som ein del av dette å evaluera av måloppnåing bli betre. Verktøy og rutine for dette må bli ein del av det framtidige kvalitetsarbeidet og årsmeldingane.

Dei faglege behova er store og det er fleire plantema som ein manglar kompetanse på. Det gjeld sentrale plantema som kultur, næring, mobilitet, ulike tema om forvaltning av naturverdiar og forvaltning av kulturmiljø. I komande periode er det lite økonomisk rom for å auke fagadministrasjonen på desse tema. Desto meir viktig blir planstrategien for både arbeidsgjever og arbeidstakar med tanke på å fordele arbeidsoppgåver framover.

2.4.1. Kapasitet krev prioritering

Bømlo kommune har ein liten fagadministrasjon samanlikna med andre kommunar på vår storleik. Denne planstrategien må sjåast på som eit budsjett: skal noko bli prioritert eller framskynda, må noko anna bli teke ut eller utsett.

Samstundes er det høg aktivitet, til dømes innan byggjesak. Organisasjonen er sårbar med tanke på sjukemeldingar eller stillingar som blir ståande vakante. I arealarbeid har ein ikkje kapasitet til fleire oppgåver samstundes. Ein må prioritere nokre hovudoppgåver, til kommuneplanen sin arealdel, eller revideringar av planar eller nye planar. Prioriteringa må kome fram i planstrategien. Det er ikkje mogleg å arbeide med til dømes KPA eller ein plan for kommunesenteret samstundes.

2.4.2. Vidare organisering av planarbeidet

Handling 1.8 inneber at planarbeid gjennomgåande må bli gjort meir av fag- og prosjektgrupper, og ikkje berre av einskilde sakshandsamarar.

I denne perioden har fleire blitt inkludert i oppstartsmøter for reguleringsplanar. Dette styrker den faglege kvaliteten på planarbeidet. Denne måten å arbeide tverrsektorielt på må bli vidareutvikla i perioden, både for Fleire samfunns- og arealplanar. Frå starten må ein sikre eller avklare kven som skal vere involverte frå dei ulike sektorane.

I løpet av 2024 vil ein starte å implementere planmodulen av «Framsikt». Dette vil kunne gjere planarbeidet meir effektivt, sikre betre målstyring og evaluering. Organisasjonen kan sikre meir kontinuitet uavhengig av personutsiftingar og betre beredskapen. Framsikt vil nok forsterke behovet for å arbeide meir i tverrsektorielle faggrupper.

Å utarbeide ein communal plan blir ofte organisert som eit prosjekt, med ein prosjekteigar (kommunestyre, kommunedirektør) og prosjektleiar. Difor blir det viktig at fagadministrasjonen har ein god prosjektkompetanse. Dette må bli ein del av intern kompetanseheving.

For dei største planane må politisk forankring bli sikra gjennom politiske styringsgrupper. Det vil typisk vere formannskapet eller eit av dei politiske utvala.

Medverknad er noko som Bømlo kommune har lagt ned mykje ressursar i dei siste åra og har mykje kompetanse på til dømes ABCD-metodikk, i tillegg til å ha utvikla eigne, lokalt tilpassa metodar.

Kommunen har tilsynsansvar for at aktiv medverknad er gjennomført i private planar. Me treng stadig kompetanseheving og nye verktøy i organisasjonen. Framover blir særleg barn- og unge si medverknad i arealplanar viktig. Me bør vurdere ein rettleiar med utbyggjarar og private som målgruppe som mellom anna kan syne korleis ein kan sikre «aktiv medverknad» i planane.

Planane må ha klart språk. Tilsette må kjenne til språknorm og rettleiarar for godt språk. Planprogram/-prosjektplan må syne korleis ein vil kommunisere ut med omsyn på målgrupper og plattformar. Det er behov for å jobbe meir med å gjøre planarbeidet meir forståeleg for barn og unge.

Planarbeid og revideringar må bli innarbeid i årshjul og rutinar. Til dømes bør handlingsplanar vere ferdige før hausten for å få innarbeidd dette i komande budsjett og økonomiplan.

Kommunen har gått over til å nytte eByggjesak for sakshandsaming av byggjesak. Erfaringane med dette er gode og har gjort planprosessane meir effektive.

Bømlo har nytta fylkeskommunen sitt regionalt planforum for dialog om dei store planane med andre regionale og nasjonale mynde som samfunnsdel og arealdel (statsforvaltar, fylkeskommune, osb). Framover skal ein vurdere dette for andre større planar og.

Slik vil me ha det	Handling	Slike gjer me det
Høg kvalitet i fag-administrasjonen	2.1	Alle må gå gjennom innhaldet i PS etter endeleg godkjenning. Ansvar: kommunalsjefar
	2.2	Leggje på leseliste i Compilo
Rådgjevarar skal vere gode på praktisk planarbeid	2.3	Alle som skriv planar må kjenne til eller få opplæring i korleis me prosjekterer planarbeid. Nytilsette får opplæring i praktisk prosjektering og planverktøya me nyttar.
	2.4	Alle må kjenne til vedteke språknorm og «klart språk»
Ha kompetanse og kunne bruke saks- og arkivsystem (Elements)	2.5	Kjennskap til informasjonsflyt ut mot publikum, kva skal på nettsidene og når i planprosessar. Ansvar: web-redaktør
	2.6	Formalisere intern opplæring av desse systema.

3. Omtale av nokre aktuelle planar

Her er ei omtale av nokre av planane, litt om status og grunngjeving for eventuelle endringar.

3.1. *Viktige plantema*

3.1.1. Digitalisering

Kommunen stilte ferdig ein strategi for digitalisering i 2023. Det vil vere eit behov for meir kompetanse på digitalisering og KI i til dømes kultur, folkehelsearbeid og oppvekst. Digitalisering må difor bli implementert i alle planar og ikkje halde fram med å vere skild ut som eit eige plantema.

3.1.2. Universell utforming (UU)

Universell utforming handlar om å utforme omgjevnadane slik at me tek omsyn til innbyggjarane sine ulike funksjonsevner. Dette gjeld mellom anna design av offentlege bygg som skular og institusjonar, utforming og drift av gaterom og nærmiljø og generell rådgjeving.

UU skal vere innarbeidd i alle slike planverk framover

3.1.3. Miljøretta helsevern (MHV)

Miljøretta helsevern (MHV) omfattar dei faktorar i miljøet som til ei kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa. Desse omfattar mellom anna biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar. Kommunen må ha naudsynt oversikt over desse faktorane for å kunne ivareta folkehelsearbeidet på ein tilfredsstillande måte. MHV må bli tematisert i fleire planar. Dette er viktig for kommunen som tilsynsmynde for forureining og.

Me har adm planar og prosedyrar for miljøretta helsevern. Sist plan vedteken i 2024. Me bør lage rettleiande informasjon ut mot publikum. Det er behov for fleire supplerande retningslinjer for MHV, til dømes retningslinjer for støy.

3.1.4. Beredskap

Beredskap skal vere tema i alle planar. Dette bør bli meir innarbeidd i planane og styrke plankompetansen på.

Kommunen har både ein overordna beredskapsplan i tillegg til fleire temaspesifikke og interne beredskapsplanar som gjeld viktige funksjonar som evakuering, tryggleik, energiforsyning, brann og redning og så bortetter. Desse er administrative planar og dekker beredskapsplikten me har. Kommunen har også interkommunalt samarbeid og planverk som omhandlar beredskap og forureining. Me treng ein ny miljørisiko- og beredskapsanalyse. Dette kan me utføre i løpet av 2025 og vil skje i samarbeid med interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA).

3.1.5. «Bu trygt heime»

Dette er ein reform som regjeringa lanserte i 2023. Denne skal Bømlo kommune følgje opp, og må skje tverrsektorielt. Konkretisering av desse tiltaka vil mellom anna handle om byggjekrav, utforming av ute-rom, teknisk drift og utforming av offentleg infrastruktur, mobilitet og informasjon om generasjonsvenlege bustadbygging.

3.2. Overordna planar

3.2.1. «Bømlo i dag» - sentralt kunnskapsgrunnlag

Alle kommunar skal ha eit oversyn over befolkninga sin helsetilstand, som Bømlo kommune har i samla i kunnskapsgrunnlaget «Bømlo i dag». Dette er sentral kartlegging og «Bømlo i dag» ligg til grunn for alle planar.

Det er difor viktig at dette bli oppdatert jamleg. Fagadministrasjonen skal ha ferdig nytt folkehelseoversyn vårhalvåret 2027.

For både KPS og KPA må me få til ei meir systematisk evaluering og rapportering på måloppnåing som må bli rapportert på i årsmeldingane. Framsikt kan gjere dette meir enkelt.



3.2.2. Kommuneplanen – samfunnsdel (KPS) og arealdel (KPA)

Me ønskjer at dei viktige planane KPS og KPA er utviklingsbaserte, ikkje berre innspelsbaserte framover, slik at kommunen tek ei offensiv rolle i samfunnstyringa. Dette føresett både meir tverrsektorielt samarbeid og høg fagleg kompetanse.

3.2.2.1. Samfunnsdelen (KPS)

Revidering av samfunnsdelen i gang, i rute etter planprogram som blei godkjent hausten 2023. Det har vore ein medverknadsfase våren 2024, planlagt høyring hausten 2024 med endeleg vedtak februar 2025.

Det blei gjort eit omstendeleg medverknadsarbeid med samfunnsdelen i 2018-19. Mykje av innhaldet står seg og kan bli ført vidare. Nokre endringar blir gjort no, som til dømes meir fokus på klima og økonomi. Beredskap og kommuneøkonomi er tema som har blitt meir aktuelt å fokusere meir på generelt i planarbeidet. Arealstrategiane i KPS blir vidareutvikla i nytt framlegg.

For å sikre god samanheng mellom KPS og KPA er det ønskjeleg at planprogram for revidering av KPA blir lagt fram samstundes, eller umiddelbart etter endeleg vedtak av KPS. Sjå neste avsnitt om KPA.

Alle kommunar skal kvart år vedta ein økonomiplan for dei nestes fire åra. Ei endring framover blir å gjere samfunnsdelen til og å bli ein langsigtig økonomiplan som kan syne utfordringar i eit lengre perspektiv.

3.2.2.2. Arealdelen (KPA)

Arealdelen er i skrivande stund under revisjon men har blitt forsinka etter planprogrammet som blei godkjent i 2021. Mogleg vedtak kan bli våren 2025 etter ei 2.-gangs høyring. Framdrifta er avhengig av korleis handsaminga av motsegnsvarsla skjer.

Det er ikkje realistisk å få ei fullstendig oppdatering av alle tema i KPA ved denne revisjonen, men mykje viktig oppdatering vil vere gjort. Ved denne revideringa har det å sette byggjegrense til sjø teke mykje plankapasitet. Då har ein og prioritert dei sentrale områda. Det har og blitt gjort ein del planvask, altså å oppheve gamle reguleringsplanar.

Det vil framleis vere behov for revideringar av KPA mellom anna for å få ei endå betre kopling til KPS og andre planar som til dømes kulturminneplan. Framover må ein revidere med omsyn på ulike tema som til dømes bustadar, klimarisiko, kulturmiljø og å sette langsiktige byggjegrenser. Det vil ikkje vere mogleg med ei full revidering kvar gong. Ein bør og revidere sjøareal men dette treng me meir kunnskap og data om.

For å gjere arealdelen meir overordna vil det framleis vere behov for redusere detaljnivå og supplere med temaplanar og/eller komunedelplanar for utvalde areal.

Eit nytt planprogram for KPA må konkretisere dette basert på KPS. Nytt planprogram for KPA bør ideelt bli lagt fram samstundes med endeleg framlegg til samfunnsdel, januar/februar2025, for å få ein god samanheng mellom desse planane.

3.2.2.3. Planvask i KPA – prioritert oppgåve

Planvask går ut på oppdatere, revidere eller avvikle eldre planar. Hensikten er at alle planar skal vere så oppdaterte og moderne som mogleg. Planvask blir gjort som ein del av revidering av arealdelen.

Til no har det blitt gjennomført ein delvis planvask av litt over 200 reguleringsplanar kor kring 20 blir anbefala oppheva, men det er behov for vidare planvask. Dette bør vere ei prioritert oppgåve i denne perioden. Fleire av dei eldre planane ligg i områda kring kommunesenteret, og ein planvask vil vere viktig å avklare som ein del av det førebuande arbeidet med ein plan for kommunesenteret og. Samstundes vil det då ikkje vere kapasitet til andre større, offentlege arealplanoppgåver.

3.2.3. Eigarskapsmelding

Prinsipp for kommunalt eigarskap må bli stadfesta i samfunnsdelen. Eigarskap må vere tydeleg grunnlag og kommunen må i eigarskapsmeldinga følgje opp korleis ein skal forvalte ulike typar eigarskap. Dette er eit sentralt styringsdokument som skal bli rullert kvar periode. Denne har blitt rullert i april 2024 og skal bli følgt opp med årlege eigarskapsmøter.

3.3. Klima og natur



Forankring

- «Bømlo i dag»
- Regional utviklingsplan
- Nasjonale forventninger

- 6: Klima og miljø
- Utfordring: Naturmangfold og areal. Klima og energi.
- Kapittel 5: Klima, natur og miljø for framtida.
- Kapittel 6: Samfunnstryggleik og beredskap

3.3.1. Klima - handlingsdel

Dei overordna klimamåla har blitt sett i gjeldande samfunnsdel og har blitt konkretisert i ein eigen handlingsplan for klima, som kan bli revidert ofte. Dette gjev ei god forankring av eit gjennomgåande tema og denne planorganisering fram. Handlingsplanen for klima blir rullert kvart år.

3.3.2. Landbruk

Gjeldande landbruksplan er svært gammal. Som med klima så blir landbruk eit tema i samfunnsdelen, men det vil og vere eit behov for ein supplerande temaplan. Som ein del av dette bør me skaffe eit oversyn over beitebruk (kunnskapsgrunnlag). Bu- og driveplikt i landbruket må og bli tema i ein temaplan. Som førebuing treng me kunnskap om å driveplikt og 10-årsplanar.

Jordvern er eit sentralt plantema som må bli følgt opp i revideringa av arealdelen. Jordvernmål er sett i samfunnsdelen. Ved komande revidering må jordvern vere eit tungt tema med tanke på å endre arealføremål og bevare eksisterande landbruksjord.

Når det gjeld massehandtering har dette blitt løyst på tilfredsstillande måte i kvar reguleringssak. Det har til no ikkje vore behov for å sette av eige områder i arealdelen til dette føremålet.

3.3.3. Tema: langsiktig arealbruk og forvalting av bygg

Den største utfordinga med omsyn på areal blir å nedbygging av urørt areal. Dette blir sentral i både denne og komande revideringar av KPA. Ein må alltid vurdere å nytte eksisterande areal og infrastruktur, før ein vurderer å ta i bruk nytt.

Det er vedteke i gjeldande samfunnsdel at me skal få etablert eit arealrekneskap. Det blir ei prioritert oppgåve no i 2024 – 2025. I samfunnsdelen må det bli eit mål om arealnøytralitet på sikt.

Kommunen har generelt ikkje dei store arealbehova for nye større tiltak i denne perioden. Store prosjekt som Bømlopakken og fiskerihamn har avklara arealbruk gjennom vedtekne reguleringsplanar. For sist-nemnte er det ønskje om utviding av arealet men det står igjen viktige avklaringar med tanke på kulturminne og arkeologiske verdiar.

Det er noko usikkert på om me har tilstrekkeleg areal til framtidige idrettsanlegg der desse kan bli ynskt plassert. Rundt nokre skular kan det kome behov for meir areal til utviding. Bygging av større idrettsanlegg og universelt utforma turstiar vil krevje areal, ikkje alle stader let dette seg gjera.

Kommunen har ei utfordring i å forvalte areal og bygg me allereie har. Det gjeld til dømes tomta for gamle BUS, kommunale kaier og generell bygningsmasse.

Hausten 2024 blir det lagt fram oversyn over ulike eigedomar og bygg. Nokon mindre objekt kan bli avhenda etter gjeldande retningslinjer men større bygg og områder må bli sett i ein større samanheng, både økonomisk og samfunnsmessig. Behov, bruk og forvaltning bygg må sjåast på i eit lengre perspektiv og må bli tema og følgt opp i samfunnssdel, eigarskapsmelding og økonomiplan.

3.4. Lokalsamfunn og demokrati



Forankring

«Bømlo i dag»	Kapittel 2: Demografi. Kapittel 3 bustadstruktur og geografi
Regional utviklingsplan	Utfordring: Regional, by – og bygdeutvikling
Nasjonale forventningar	Kapittel 3: trygge og inkluderande lokalsamfunn

3.4.1. Kommunesenteret Svortland

I pågående revidering av arealdelen skal det bli definert ein sentrumskjerne, men det er også behov for ein meir samordna plan for kommunesenteret, både i tråd med gjeldande samfunnssdel og regional plan for attraktive senter. Reguleringsplan R50 må bli oppheva og inkludert i ein ny kommunesenterplan.

Det har ikkje vore kapasitet eller sett av midlar til å byrje på ein kommunesenterplan. Med tanke på kapasitet så bør me prioritere planvask i forlenginga av KPA-revideringa før ein kan sette i gong ein plan for sentrum. I denne perioden har revideringa av KPA teke den plankapasiteten ein har til offentlege planar. Vil ein sette i gang ein sentrumsplan no, må ein avslutte revideringa av KPA.

Kommunestyret har vedteke at ein områdeplan for Bremnes sentrum flyttast opp i prioriteringsrekkefølgja og vært starta så snart det er ressursar tilgjengeleg. Me kan gjere førebuande arbeid i komande periode, mellom anna avgjere plantype og utarbeide eit planprogram. Aktuelle tema ein sentrumsplan bør omhandle er handel, arkitektur, endra arealføremål, sosiale sonar og knytte saman bustadar og sentrumsfunksjonar.

Ein aktuell plantype for kommunedelplan for Svortland/Bremnes kan vere ein områderegulering. Fordelen med ein slik plan er at han forpliktar og er føreseieleg for ulike partar. Ein slik områderegulering kan ha nødvendige føresegner, til dømes for bustadar og bygg. Detaljnivå som ein områderegulering legg opp til vil krevje mykje plankapasitet og tid. Arbeidet vil sannsynlegvis strekke seg over fleire år. Då

kan ein strategiplan for sentrum vere ein betre plantype. Slike planar er lite forpliktande og gjev ikkje same grunnlag slik ein reguleringsplan gjer, for å realisere tiltaka.

Uavhengig av plantype for kommunesenteret må ein ha i alle øve ha detaljreguleringar for tiltak i sentrum.

Områdeplan for Bremnes sentrum kan bli flytta opp i prioriteringsrekkefølgja og starta så snart det er ressursar tilgjengelege. Kommunestyret ber om at planoppstart blir lagt inn som eit eige verbapunkt i budsjettet for 2025 for å sjå om dette arbeidet kan startast allereie då.

Me kan gjere førebuande arbeid i 2024-2025 med ein plan for kommunesentrum i dialog med fylkeskommunen som har stilt seg positive til å rettleie på dette. Målet må mellom anna vere å avgjere plantype.

Fylkeskommunen har lagt fram reguleringsplan for fylkesveg Fv 542 Miljøgate som går gjennom Svortland og sett av midlar til realisering. Kommunestyret har røysta mot å vedta denne planen. Det vil fortsatt vere eit behov for å forbetre fylkesvegen gjennom sentrum men dette er det ikkje økonomi eller plankapasitet til i kommunen å gjere sjølv per i dag.

3.4.2. Strategi for bustadutvikling

Kommunen må ta eit aktivt grep med omsyn på bustadutvikling. Bumiljø er sentralt med tanke på å få eit generasjonsvenleg samfunn og nærmiljø med høg trivsel og tilgjengelege kvardagstilbod.

Me har tidlegare gjort ei kartlegging av bustadarealet. Det er sett av svært mykje areal til bustad i arealdelen, meir enn kva som er realistisk. Det har blitt arrangert fleire dialogmøte med byggjenæringa siste åra og dei ønskjer og at områder som er sett av til bustadar må vere realistiske å byggje ut, noko som ikkje er tilfelle i dagens arealdel. Bømlo treng ein heilskapleg politikk som mellom anna omhandlar kva bustadtype som bør bli bygd dei neste åra, er dagens bustadmasse attraktiv nok dei neste tiåra, kva kvalitetskrav skal ein stille med omsyn på sentrumskvalitetar, nærliek til og kapasitet på lokal skule, tilpassa infrastruktur osb. Noko kan bli følgt opp i samfunns- og arealdelen men bustadutvikling er eit stort tema som bør ha ein eigen strategi.

3.4.3. Estetikk og arkitektur

God arkitektur bidreg til både gode bumiljø, folkehelse og klimamål. For å bli eit generasjonsvenleg samfunn er arkitektur eit sentralt verkemiddel. Føringane i arealdelen må bli meir tydelege på dette men det er behov for ein lokal rettleiar for arkitektur, utforming av uterom osb. Difor søkte Bømlo kommune om prosjektmidlar for å utarbeide ein rettleiar, som i tilfelle får tilsegn hausten 2024. Prosjektering kan starte våren 2025. Fylkeskommunen aukar sin kompetanse på dette for å bistå kommunane. Bømlo kommune har grunnlag frå tidlegare gjennomførte prosjekt og moglegheitsstudie som gode faglege grunnlag.

3.4.4. Næringspolitikk

Næring blir eit viktig tema med dei overordna måla i samfunnsdelen. Per i dag har ikkje kommunen fagrådgjevarar næringspolitikk, noko som det er behov. Då er det heller ikkje kapasitet for å lage ein eigen næringsplan, men det er mogleg å utarbeide ein konkret handlingsplan som kan bli revidert kvart andre år.

3.4.5. KDP Kultur, idrett og frivilligheit

Både den demografiske utviklinga saman med nye etableringar som til dømes Geopark Sunnhordland og all aktiviteten som blir generert gjennom kulturskulen og frivillige, gjer oss til ein kulturstad for heile landsdelen. Me bør difor ha ein kulturpolitisk plan, noko kommunen ikkje har hatt tidlegare. Ein komunedelplan for kultur, idrett og frivilligheit blei starta gjennom planprogram hausten 2021. Tema er bredd og arbeidet med å syne visjonar og perspektiv krev mykje medverknad og plankapasitet. Det har blitt heldt medverknadsmøte med tema næring og kultur.

Det har ikkje vore kapasitet til å stille ferdig denne i 2024. Dette planarbeidet mykje kapasitet med omsyn på medverknadsarbeidet med kulturinstitusjonar og frivillige. Denne kapasitet må og bli nytta på andre oppgåver i seksjonen. Ein slik plan krev og kompetanse, mellom anna på scenekunst, kulturbasert næring og generell, offentleg kulturpolitikk, som me ikkje har per i dag. Det er usikkert på kor tid komunedelplanen kan bli stilt ferdig.

3.4.6. Kulturmiljøplan

Kommunen har ein kulturminneplan som blei vedteke i 2021 etter eit omfattande arbeid. Omsynssonane som blei definerte då blir implementert i framlegg til ny KPA. Det står fortsatt arbeid igjen med å implementere føresegner og retningslinjer for omsynssoner inn i arealdelen.

Kulturminneplanen/KDP kulturmiljø må bli eit meir nytta verktøy i regulerings- og byggjesak. Det er ei utfordring at kommunen ikkje har nokon i fagadministrasjonen som har hovudansvar for kulturmiljøforvaltning, som mange kommunar har. Dette må ein sjå på løysingar på i løpet av perioden.

Det er behov for supplerande kartlegging mellom anna av vern av sjøbruksmiljø. Dette som vil krevje midlar i form av eksternt tilskot eller friske budsjettmidlar. Ei revidering av kulturminneplanen bør så bli gjort med tidlegast oppstart hausten 2025. Framover bør denne heite komunedelplan for kulturmiljø.

3.4.7. Frivilligheit

Innhaltet i frivilligpolitisk plattform kjem til å bli integrert i ny KDP kultur, idrett og frivilligheit. Før KDP blir stilt ferdig kjem dei ei eiga handsaming av frivilligpolitisk plattform.

3.4.8. Temaplan for kompetanse og rekruttering

I dag har kommunen sektorvise rekrutteringsplanar, og rekruttering og kompetanse er viktige tema i kommunedelplanane for HSO og OKI. Som førre planstrategi understrekar og, så er det behov for ein felles rekrutteringsplan for heile kommunen.

Ein av dei store utfordringane blir å rekruttere rett kompetanse til ledige stillingar framover. Temaplanen bør difor og syne kommunen sine langsiktige kompetanse- og rekrutteringsbehov.

Det kan vere mogleg å starte opp i 2025 med seksjonsvise prioriteringar.

3.4.9. Temaplan for lønnspolitikk og temaplan for arbeidsgjevarpolitikk

Den lønnspolitiske temaplanen er under revidering og skal vere ferdig i 2024. Det har vore mykje intern medverknad, også politisk. Denne treng ikkje bli revidert før 2028.

Temaplan for arbeidsgjevarpolitikk skal syne kva kommunestyre ønskjer å gjere som arbeidsgjevar. Denne bør bli revidert denne kommunestyreperioden og kan starte opp 2025. Medverknad frå kommunen sine tilsette er sentralt. Neste revidering bør skje tidleg i neste kommunestyreperiode og starte hausten 2027.

3.4.10. Veg

Bømlo har ein vegnorm som omhandlar reglar for kommunale og private vegar. Denne er på høyring i 2024.

Det er behov for ein eigen kommunedelplan for veg som mellom anna omhandlar vedlikehald, og som blir følgt opp med ein fleirårleg handlingsplan. Me kan har tidlegare vedlikehaldsplanar og gode kartleggingar og oversyn me kan basere dette på.

3.4.11. Bømlo vann- og avlaup (BVA)

Bømlo vann og avlaup (BVA) lagar sin eigen hovudplan for vatn og avlaup på vegne av kommunen. Siste godkjente plan er frå 2015 og ny er på høyring hausten 2024. Framover kjem det nye nasjonale rensekrav som blir krevjande å gjennomføre og krevje betydelege investeringar.

BVA sine planar har store konsekvensar for samfunnsutvikling og kommunebudsjett. Kommunen bør vere tidleg med i BVA sine planfasar og ein bør klarleggje meir kven som er eigar BVA sine planar, anten BVA eller kommune. Kommunen har vidare tilsynsansvar men det er behov for å klargjere meir kring ansvar og roller, og innsyn. Dette må bli drøfta i samfunnsdelen og konkretisert i strategi for eigarskap.

3.5. Rusta for livet



Forankring

«Bømlo i dag»

Kapittel 2: Demografi. Kapittel 4 Helsetilstand og levevanar.

Kapittel 5: Inkludering og deltaking

Regional utviklingsplan

Utfordring: Livskvalitet og like moglegheiter

Nasjonale forventningar

Kap. 3: trygge og inkluderande lokalsamfunn

3.5.1. Kommunedelplan helse, sosial og omsorg (KDP HSO)

Denne ligg under sektor Helse, sosial og omsorg (HSO) og er deira einaste kommunedelplan. Gjeldande KDP HSO blei stilt ferdig i 2023 og har blitt følgt opp av handlingsdelar som blir revidert kvart år. Handlingsdelane blir stilt ferdig til august kvart år. KDP HSO bør bli revidert kvart fjerde år og neste revidering kan starte opp i 2026 og bli stilt ferdig i 2027.

KDP HSO er og basert på eit eige kunnskapsgrunnlag, eit grunnlagsdokument. Dette inneholder ein del meir fagleg data som er relatert til helse, sosial og omsorg. Grunnlagsdokumentet bør bli revidert kvart år.

3.5.2. Bustadsosial plan

Det er eit lovpålagt krav at alle kommunar skal ha plan for sosial busetting. Bømlo kommune har ikkje ein gjeldande plan for dette i dag men overordna føringar for bustadsosialt arbeid inngår i gjeldande KDP HSO. Me bør ha ein eigen temoplan for bustadsosialt arbeid som bør bli utarbeida i denne perioden med oppstart 2026. Ein kan vurdere å slå delar av dette saman med ein bustadstrategi.

3.5.3. Kommunedelplan oppvekst

Denne kommunedelplanen blei vedteke i 2019 og er under revidering no. KDP oppvekst omhandlar i hovudsak dei frå 0 – 20 år og ved nokre høve opp til 25 år. Plantema er mellom anna inkludering gjennom læring og utdanning i barnehage, skule og kulturskule. Planen omhandlar og førebygging og helsefremjing for unge.

Framdrifta av KDP Oppvekst avheng arbeid med skulebruksplan som skal bli revidert i 2024 (hausten) og. Realistisk ferdigstilling kan vere 2025.

Handlingsdelen blir revidert kvart år. Det er og aktuelt å ha fleire handlingsplanar, med mandat i KDP oppvekst, knytt til ulike tema. Det er til dømes eit lovpålagt plankrav om å ha plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar, etter barnevernslova. Eit slikt plankrav kan bli etterfølgjt ved å omtale tema i ein overordna plan og følgje opp med eigen handlingsplan for eit tema.

3.5.4. Skulebruksplan

Denne er ein kortvarig prosess som blei sett i gang med budsjettvedtak for 2024. Revidering blei meldt med oppstart hausten 2024 og skal bli vedteke ved utgangen av 2024 i forbindelse med budsjett 2025. Tidsperspektivet i planen kan bli fram mot 2030.

Det er ikkje nødvendig med ny revidering i denne perioden

3.5.5. Alkoholpolitikk

Det er lovpålagt at kommunar skal ha ein alkoholpolitisk handlingsplan. Seinast eitt år etter nytt kommunestyre har tiltredd skal ein setja i verk ein gjennomgang av alkoholpolitikken så nytt kommunestyre set sitt preg på alkoholpolitikken. Kommunestyret har ein slik plan med retningslinjer. Desse blir revidert hausten 2024.

Lovkravet kan og blir dekka gjennom andre planverk. Det kan me kan vurdere i løpet av perioden, til dømes som meir omtale av alkoholpolitikk i samfunnssdelen eller andre kommunedel. Tema kan bli relatert til mellom anna næring, kultur og rusførebygging generelt.

3.5.6. Handlingsplan mot rus i skulen

Det har blitt utarbeidd administrativ plan for rusførebygging i skulen. Det er kommunen sitt rusførebyggjande team som har stått for dette. Per i dag ser ein ikkje behov for ein eigen rusførebyggande plan utover dette men det kan ein drøfte i løpet av perioden.

3.5.7. Temaplan - vald i nære relasjonar

Kommunen held på å utarbeide ein temaplan mot vald og overgrep i nære relasjonar. Denne er viktig for både OKI, HSO og innbyggjarane. Oppstarten var i 2023, høyringsframlegg kan bli lagt fram hausten 2024. Endeleg vedtak kan skje våren 2025.

3.5.8. Temaplan for trafikktryggleik

Gjeldande plan er under revidering med oppstart hausten 2025. Det er viktig med oppdaterte trafikktryggingsplanar for å sikre midlar til tiltak og rett prioritering av tiltaka. I revideringa må ein sjå dette i samanheng med skuleskyss. Me må og implementere nye regionale føringer for mobilitet og mjuke trafikantar. Denne temaplanen krev og høg grad av medverknad frå til dømes skular og nærmiljø.

3.6. Interkommunale plantema

Nokre planar eller tema for kartleggingar som bør bli løfta opp på regionalt nivå som til dømes Sunnhordlandsrådet og nabokommunane. Desse tema har me og drøfta som ein del av innspela til planstrategi med nabokommunane.

- Mobilitets og handelsanalyse for Bømlo, Sveio og Stord
- Strandsoneforvaltning – felles retningslinjer for arealforvaltninga og bygg
- Klimakrav i innkjøpsavtalar og anbod
- Akvakultur og forvaltning av sjøareal

3.7. Planar som ikkje bli vidareført frå førre planstrategi

Som nemnt innleiingsvis har ein arbeidd med å vere meir bevisste på kva som er politiske og kva som er administrative planar i denne revideringa av planstrategien. Det er har gjort planomfanget noko mindre.

I denne planstrategien går ein ikkje vidare med internasjonal strategi. Hensikta var å sikre seg fleire EØS-midlar. Bømlo kommune har og kontaktperson i fylkeskommunen sitt internasjonale nettverk som har fått ei koordinerande rolle. Dette tema kan bli sett i samfunnsdelen og følgt opp i økonomiplan.

Veteranplan er lovpålagt og kommunen har dette i dag. Tema bli omtala i samfunnsdelen mens veteranplanen blir ført vidare som ein administrativ plan.

I forbindelse med utviklinga av Bømlo fiskerihamn var det aktuelt å lage ein eigen temaplan for Langevåg. Ein bør heller vidareutvikle dei arealstrategiske føringane i samfunnsdelen.

I førre planstrategi var det ført opp ein handlingsplan for tilsyn i plan og byggesak. Dette behovet er framleis gjeldande men vil krevje frigjort kapasitet på byggesak. Ein slik handlingsplan vil i tilfelle bli ein administrativ plan for seksjon for samfunnsutvikling.

3.8. Kunnskapsgrunnlag

Det er fleire tema me har behov for meir kartlegging og kunnskap om. Det gjeld til dømes naturmangfold i sjø, sjøareal og forvaltning av areal av sjø. Dette er tema som bør bli løfta opp som interkommunale utgreiingar og. Sunnhordlandsrådet kunne til dømes leie kartleggingsprosjekt.

Akvakultur er eit anna tema me treng meir kompetanse i organisasjonen på og kartlegging av.

Her er oversyn over nokon ulike kunnskapsgrunnlag, moglehetsstudie og kartleggingar for perioden:

Dokument	Innhald	Kommentar
«Bømlo i dag status og utfordringar 2023 - 2034»	Lovpålagt oversyn etter folkehelselova	Ferdig våren 2023, neste versjon våren 2027. Ny versjon kvart fjerde år, våren før ny kommunestyreperiode
«Friluftlivets ferdelsårer»	Kartlegging er i gang	Kommunen har fått tilskot for å gjennomføre
«Kystrom» - rettleiar for arkitektur og estetikk	M.a. gjeldande KPS og NF 3.3	Fått tildelt prosjektmidlar (NOK 80 000,-) frå Vestland fylkeskommune oktober 2024, prosjekt 2025 – 2026.
Grunnlagsdokument HSO	Supplerande data med fokus på helse- og sosial sine ansvarsområde	
Interkommunal handels- og mobilitetsanalyse	Behov	Behov over lengre tid, bør vere interkommunal (minimum med Sveio, Stord). Skyss/VLFK.
Klima (tilpassing, beredskap, førebygging, utslepp)	Ny kartlegging	Det trengst meir lokal kunnskap rundt klimaendringane sin påverknad i kommunen.
Kunnskap om områdestabilitet	Lokalt supplement til NVE sin kart	Lokalkunnskap for å kunne forvalte naturmangfold i arealplanar. NF punkt 53: «Viktig naturmangfold, jordbruksareal, vassmiljø, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturmiljø og landskap blir kartlagde og sikra i planlegginga»
Moglegheitsstudier (ferdigstilt) <ul style="list-style-type: none"> - Svertland KAP (2018) - Mosterhamn (Masteroppgåve 2019) - BUS, masteroppgåve gjenbruk (2020) - Langevåg (LEVA 2021) 	Ulike studie som har blitt gjennomført tidlegare for utvikling av område/bygg	Bør nyttast vidare i planarbeidet mellom anna i KPS sine arealstrategiar, KPA og framtidig plan for kommunesenteret
Naturmangfold (sjø, sjøareal)	Ny kartlegging	Bør bli gjort interkommunal, samarbeidsprosjekt t.d. gjennom Sunnhordlandsrådet
Oversyn beitebruk		Forarbeid til temaplan landbruk

4. Organisasjon og tabelloversyn

4.1. Organisering av Bømlo kommune

Bømlo kommune sitt organisasjonskart ser slik ut (link til nettside):

<https://www.bomlo.kommune.no/om-oss/administrativ-organisering/organisasjonskart/>

Planarbeid må bli leia eller «eigd» ein spesifikk plass i organisasjonen.

4.2. Forkortinger

HSO: seksjon for helse, sosial og omsorg

KOM: kommunedirektør

OKI: seksjon for oppvekst, kultur og idrett

OKO: økonomiavdeling

PER: personal

SAM: seksjon for samfunnsutvikling

4.3. Overordna planar, omtala i kap. 3.2.

Namn	Plantype	Endring	Opp-start	Ferdig-stilling	Merknad	Seksjon
Kommuneplanen sin samfunnsdel	Overordna planar	Revidering	Haust 2023	Våren 2025	Nytt planprogram: haust 2027	KOM
Kommuneplanen sin arealdel		Revidering	2020	Haust 2025	Mogleg 2. gongs høyring i 2024 og halde fram med planvask 2024-25.	SAM
Budsjett og økonomiplan		Revidering	Årleg	Årleg	Langsiktige økonomiske perspektiv som del av samfunnsdelen	OKO / SAM
Langsiktig økonomiplan (KPS)		Som KPS ¹				
Planstrategi		Revidering	-	2024	Justering våren 2026. ny revidering hausten 2027	KOM
Eigarskapsmelding		Revidering	2027	2028	Sist revidering 2024	KOM

¹ KPS = Kommuneplan, samfunnsdel

4.4. Klima og natur, omtala i kap. 3.3.

KPS: Klima og natur

Namn	Plantype	Endring	Opp-start	Ferdig-stilling	Merknad	Seksjon
Handlingsplan for klima	Handlings-del	Revidering	2024	2025	Mål og mandat i KPS	SAM
Landbruk	Temaplan				Forarbeid: oversyn beitebruk	SAM

4.5. Lokalsamfunn og demokrati, omtala i kap. 3.4.

KPS: Arbeid og økonomi, leve i kystkommunen, engasjement og demokrati

Namn	Plantype	Endring	Opp-start	Ferdig-stilling	Merknad	Seksjon
Næringspolitikk	Handlings-del	Ny	Våren 2025	Haust 2025	Mål og mandat i KPS	SAM
KDP Kultur, idrett og frivillighet	Kommunedelplan	Ny	2023	Haust 2027	Usikker ferdigstilling, avhengig av kapasitet og kompetanse	OKI
Kulturminneplan -> Kommunedelplan for kulturmiljø	Kommunedelplan	Revidering	Haust 2025	2027	Budsjettpost, supplerande kartleggingar: 300 000 kr	OKI
Plan for trafikktryggleik	Kommunedelplan	Revidering	Våren 2025	Haust 2025		KOM / SAM
Vegnorm Hovudplan for veg	Kommunedelplan	Revidering	2022	Haust 2024		SAM
Plan for kommunesentrum	Kommunedelplan areal	Ny	Våren 2027	2029	Budsjettpost: 400 000 kr Skal bli starta så snart det er ressursar tilgjengeleg. Førebuande arbeid 2025 - 2026	SAM
Arkitektur	Rettleiar	Ny	Våren 2025	Haust 2025	Prosjekt. Søkt fylkeskommunalt tilskot, mogleg tildeling oktober 2024	SAM
Bustadstrategi	Strategi Kartlegging	Ny	Haust 2025	Våren 2026	Kartlegging først	SAM
Frivillighet	Strategi	Revidering		Haust 2024	Revidering av gjeldande strategi som så skal bli implementert i KDP Kultur, idrett og frivillighet	KOM / OKI
Kompetanse og rekruttering	Temaplan	Ny	Haust 2025	Haust 2024	For heile kommunen	PER
Landbruk	Temaplan	Ny / revidering	2024	Haust 2025		SAM
Lønspolitikk og arbeidsgjevar-politikk	Temaplan	Revidering	Haust 2024	Haust 2024	Gjeldande. Neste revidering haust 2028	PER

4.6. Rusta for livet, omtala i kap. 3.5.

KPS: Rusta for livet

Namn	Plantype	Endring	Opp-start	Ferdig-stilling	Merknad	Seksjon
Skulebruksplan	-		Haust 2024	Haust 2024	Oppfølging av kommunedelplan oppvekst	OKI
Alkoholpolitikk	Handelings-del	Revidering	2024	2024	Vurdere å implementere i anna planverk i løpet av perioden	KOM
Kommunedelplan for HSO	Kommune-delplan		Vår 2026	Haust 2027	Har årlege handlingsdelar	HSO
Kommunedelplan oppvekst	Kommune-delplan		2023	Haust 2025	Plankapasitet på skulebruksplan 2024	OKI
Bustadsosial plan	Temaplan	Ny	Våren 2026	Haust 2027	Har føringer for tema i kommunedelplan HSO i dag.	HSO
Integreringsplan	Temaplan	Revidering	2025	2026	Gjeldande plan er for 2018 – 2024. Vurdere vidare behov i perioden.	HSO / OKI
Plan mot vald og overgrep	Temaplan	Ny	2023	Våren 2025	Lovkrav om handlingsplan om tema. Høyringsframlegg kan vere klart 2024.	OKI / HSO

5. Utvalde kjelder og referansar

Bømlo kommune

«Bømlo i dag – eit samfunn i endring. Status og utfordringar 2023 – 2034»:

https://www.bomlo.kommune.no/_f/p1/i257f3529-115a-4da7-8d1a-2b6962ac3a58/bk_plan_bomlo_i_dag_eit_samfunn_i_endring_status_og_hovudutfordringar_2023-2034_kunnskapsgrunnlag_med_vedlegg_ungdom_rev_24-10-23.pdf

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging

Regjeringa/Kommunaldepartementet: [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 \(regjeringen.no\)](https://regjeringen.no/kunnskap/planlegging/nasjonale-forventningar-til-regional-og-kommunal-planlegging-2023-2027)

Kommunal planstrategi, rettleiar og informasjon:

<https://enkelplanlegging.distriktsenteret.no/veiledere/hva-er-kommunal-planstrategi>

Regionale planar – Vestland fylkeskommune

Regional plan for attraktive senter: [regional-plan-for-attraktive-senter-i-hordaland.pdf \(vestlandfylke.no\)](https://vestlandfylke.no/planer/regionale-planar/attraktive-senter-i-hordaland)

Regional utviklingsplan 2024 – 2028 (høyringsutkast): [planforslag-utviklingsplan-2024---2028---hoyring-og-offentleg-ettersyn.pdf \(vestlandfylke.no\)](https://vestlandfylke.no/planer/regionale-planar/utviklingsplan-2024---2028---hoyring-og-offentleg-ettersyn.pdf)

KS/AsplanViak «Ny agenda for kommuneplanens samfunnsdel»: [Ny agenda for kommuneplanens samfunnsdel - Asplan Viak](https://asplanviak.no/ny-agenda-for-kommuneplanens-samfunnsdel)